



Vedtekter for Hageselskapets regionar

Vedteke av landsmøtet 23.10.2021

§ 1 NAMN OG FORMÅL

- 1.1 Regionane er organisasjonsledd i Det norske hageselskap (Hageselskapet) og arbeider i samsvar med organisasjonsvisjonen, vedtekter og strategiske føringar. Regionen er ei samanslutning av Hageselskapets lokallag i det geografiske området regionen dekkjer. Regionen er ei eiga juridisk og økonomisk eining registrert i Frivillighetsregisteret.
- 1.2 Hageselskapet er ein landsomfattande, frittstående og ideell kultur- og miljøorganisasjon som er open for alle.
- 1.3 Hageselskapets formål er å fremje hageglede og formidle kunnskap om berekraftig hagekultur, naturmangfald og den positive helseeffekten til grønne omgivnader.
- 1.4 Regionen kan gjennom vedtak på årsmøtet foreslå endring av regionen sitt namn. Endringa skal godkjennast av landsstyret. Det nye namnet skal registrerast i Frivillighetsregisteret.

§ 2 ARBEIDSOMRÅDE

- 2.1 Halda nær kontakt og styrke samarbeidet mellom lokallaga i regionen, med Hageselskapets administrasjon og landsstyret.
- 2.2 Bidra til å byggje positivt omdømme for Hageselskapet.
- 2.3 Profilera og marknadsføre Hageselskapet og Hageselskapets visjon.
- 2.4 Leggja til rette for at regionen og lokallaga kan gjennomføre Hageselskapets strategiske føringar.
- 2.5 Medverka til at Hageselskapets profilprogram blir følgt.
- 2.6 Samarbeide med regionale styresmakter og relevante samarbeidspartnarar som kan fremje Hageselskapets formål og formidle kunnskap om aktuelle tema.
- 2.7 Støtta lokallaga i arbeidet med medlemsverving.
- 2.8 Arbeida for å opprette nye lokallag.
- 2.9 Ved behov, setje ned utval med eit gitt mandat.
- 2.10 Følgja opp pålagd rapportering innan gitte fristar (jf. § 6).

§ 3 MEDLEMSKAP

- 3.1 Medlemmar er alle som ifølgje Hageselskapets medlemsregister er registrert med ein medlemskap i det geografiske området regionen dekkjer. Tillitsvalde i regionen må vere medlemmar og pliktar å følgje Hageselskapets personvernreglar.
- 3.2 Medlemmar som har gjort ein sær framifrå innsats for hagesaka og organisasjonen kan utnemnast til æresmedlemmar i regionen. Æresmedlemmar blir utnemnt av regionstyret.

§ 4 ÅRSMØTET

- 4.1 Regionstyret er ansvarleg for å halde årsmøte.
- 4.2 Årsmøtet er den høgaste styresmakta til regionen og er samansett av:
 - a) Regionstyret.
 - b) To delegatar (fortrinnsvis lokallagsleiar pluss ein vald delegat) frå kvart lokallag.



- 4.3 Ordinært årsmøte skal heldast minst annakvart år. Årsmøtet vedtek kor ofte årsmøtet skal heldast.
- 4.4 Årsmøtet blir kunngjort og innkalling blir sendt til lokallaga minst to månadar før det skal heldast. Sakliste, saksdokument og forslaget frå valkomiteen skal sendast ut minst 14 dagar før møtet.
- 4.5 Saker som lokallag eller ein medlem i eit lokallag vil ha behandla på årsmøtet, må sendast styret minst seks veker før årsmøtet blir halde. Regionstyret drøfter saker som er innsende innan fristen og legg dei fram for årsmøtet saman med forslag til vedtak.
- 4.6 Årsmøtet skal:
- 4.6.1 Velja, etter forslag frå styret, møteleiar og to delegatar til å underskrive protokollen (jf. § 7.8).
- 4.6.2 Behandla årsrapporten frå regionstyret for det siste året/dei siste to åra.
- 4.6.3 Behandla regionen sitt reviderte årsrekneskap for det siste året/dei siste to åra.
- 4.6.4 Behandla forslaget regionstyret har til arbeidsplan og budsjett for det kommande året/dei to kommande åra.
- 4.6.5 Velja:
- Leiar (jf. § 7.2).
 - Minst tre styremedlemmar og inntil to varamedlemmar (jf. § 7.1).
 - Valkomite på minst to medlemmar (jf. § 8.1).
 - Ein revisor.
 - To delegatar til landsmøtet, eller gje regionstyret mandat til å utnemne desse (jf. § 7.9 og Hageselskapets vedtekter § 4.2).
- Årsmøtet vel først leiar for eit år/to år, deretter styremedlemmar for to år og eventuelle varamedlemmar for eit år/to år. Vala skal vere skriftlege om det finst fleire forslag til same verv, eller når minst ein delegat krev det. Ved likt røystetal skal ein ha omval. Ved likt røystetal etter andre røysting, skal ein trekkje lodd.
- 4.6.6 Behandla andre saker ifølgje saklista.
- 4.7 Styret har ikkje røysterett under §§ 4.6.2, 4.6.3 og 4.6.5.d.
- 4.8 Årsmøtet er vedtaksført når det er innkalla etter vedtektene. Når ikkje anna er nemnt i vedtektene, blir saker avgjorde ved alminneleg fleirtal. Ved likt røystetal avgjer stemma til leiaren, bortsett frå ved val. Ingen kan gje frå seg meir enn ei røyst eller røyste ved fullmakt.

§ 5 EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

- 5.1 Ekstraordinært årsmøte skal heldast når styret finn det nødvendig, eller når ein tredel av lokallaga krev det. Møtet må heldast seinast to månadar etter at eit krav er sett fram. Innkalling, sakliste og saksdokument skal sendast ut minst 14 dagar før møtet.
- 5.2 Om regionen ikkje er i stand til å halde oppe drifta i samsvar med vedtektene, kan landsstyret innkalle til ekstraordinært årsmøte i regionen (jf. Hageselskapets vedtekter § 8.2).

§ 6 RAPPORTERING

- 6.1 Følgjande rapportar skal sendast til Hageselskapets administrasjon seinast ein månad etter halde årsmøte, eller seinast ein månad etter godkjenninga i styret i år utan årsmøte (jf. §§ 6.1.a og 6.1.b):
- Årsrapporten frå regionstyret underteikna av styret.
 - Revidert årsrekneskap underteikna av kasserar og revisor.
 - Protokoll frå årsmøtet underteikna av møteleiar og to valde delegatar (jf. § 4.6.1).
 - Oversikt over samansettinga av det nye styret.



- 6.2 Regionstyret skal hente inn tilsvarende rapportar frå lokallaga og sende desse vidare til Hageselskapets administrasjon (jf. lagsvedtektene § 6).

§ 7 REGIONSTYRET

- 7.1 Regionstyret består av leiar, minst tre styremedlemmar og inntil to varamedlemmar.
- 7.2 Styret konstituerer seg sjølv, med unntak av leiar, som blir vald av årsmøtet (jf. § 4.6.5.a).
- 7.3 Administrative oppgåver kan leggjast utanfor styret.
- 7.4 Styret leier arbeidet og forvaltar midla til regionen i samsvar med vedtektene, Hageselskapets strategiske føringar, arbeidsplan, budsjett og andre vedtak gjort av årsmøtet i regionen og Hageselskapets landsmøte.
- 7.5 Vedtak i styret blir gjort ved alminneleg fleirtal. Ved likt røystetal avgjer stemma til leiaren. Styret er vedtaksført når minst 2/3 av styremedlemmane har stemt.
- 7.6 Det skal førast protokoll frå alle styremøte. Protokollen blir gjort tilgjengeleg for styra i lokallaga.
- 7.7 Styret plikter å behandle saker som lokallag og medlemmane i regionen har sendt inn.
- 7.8 Styret foreslår møteleiar og to delegatar til å underskrive protokollen på årsmøtet.
- 7.9 Styret foreslår to delegatar (fortrinnsvis regionleiaren pluss ein vald delegat) til landsmøtet, eller ber om mandat frå årsmøtet til å utnemne desse (jf. § 4.6.5.e og Hageselskapets vedtekter § 4.2).
- 7.10 Om eit lokallag ikkje er i stand til å halde oppe drifta i samsvar med vedtektene, kan regionstyret innkalle til ekstraordinært årsmøte i lokallaget.

§ 8 VALKOMITEEN

- 8.1 Valkomiteen består av minst to medlemmar.
- 8.2 Valkomiteen legg fram for årsmøtet forslag på leiar, styremedlemmar, eventuelle varamedlemmar, medlemmane i valkomiteen og revisor.
- 8.3 Forslaget må sendast til regionstyret minst tre veker før årsmøtet.
- 8.4 Valkomiteen skal søkje å setje saman eit formålstenleg styre til beste for organisasjonen og samarbeidet i regionen.

§ 9 ENDRINGAR I VEDTEKTENE

- 9.1 Desse vedtektene kan berre endrast av landsmøtet i Hageselskapet (jf. Hageselskapets vedtekter § 10).

§ 10 ENDRING AV GRENSER

- 10.1 Endring av grenser ved samanslåing av fleire regionar, eller deling av regionen, kan foreslåast av årsmøta til dei regionane det vedkjem.
- 10.2 Forslag om endring må vedtakast med minst 2/3 fleirtal og sendast til landsstyret for behandling.
- 10.3 Midla i regionen blir overførte til den samanslåtte regionen, eller blir fordelt på dei delte regionane, rekna etter talet på medlemmar.